

Notat

Dato: 03.03.2014
Arkivsak: 2014/278-3
Saksbehandlar: gudeinb

Til: Samferdselsutvalet, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kollektivstrategi for Hordaland - invitasjon til fagseminar 9. april 2014

Skyss inviterer til kollektivfagleg seminar i Bergen 9. april:

Kollektivstrategi for Hordaland – kva skal til for å lykkast med kollektivsatsinga?

Nasjonale og regionale vedtekne mål legg opp til eit trendbrot i reisemiddelfordelinga. Ein ønsker kraftig vekst i reiser med kollektivtrafikk, gange og sykkel – på bekostning av bilreisene. Korleis skal fylkeskommunen planleggje for å få omlag **250 000 fleire daglege reiser med kollektivtrafikken** i 2040? Kva vil det koste å drifte eit slikt kollektivtilbod? Kva moglege prioriteringar står fylkespolitikarane ovanfor?

Framlegg til strategiar for kollektivtrafikken i Hordaland er no ute til høyring, og det er lagt opp til handsaming i fylkestinget i juni. Det er arrangert fleire fagseminar knytt til dette arbeidet, og dette er det foreløpig siste i rekka.

Dato: 9. april

Tid: kl. 10:30-11:30. Det vil bli servert enkel lunsj

Stad: Hotel Grand Terminus, ved jernbanestasjonen i Bergen

Alle medlemer av fylkestinget er inviterte.

Frist for påmelding til underteikna er 2. april.

Vel møtt!

Program for fagseminaret:

Velkommen Kollektivstrategi for Hordaland – kort status fra høringsperioden
Hva vil kollektivsatsingen koste? Framtidige tilskuddsbehov til kollektivtransporten i Bergensområdet <i>v/Håkon Rasmussen, fylkesdirektør samferdsel</i>
Vanskelige, men viktige prioriteringer for å oppnå et konkurransedyktig og effektivt kollektivnett i byen og distriktene <i>v/ Gustav Nielsen, tidl. forskningsleder Transportøkonomisk institutt</i>
Hvordan får vi bussen fram? Erfaringer fra Oslo/Akershus <i>v/Tom-Alex Hagen, By- og kollektivplanlegging, Statens vegvesen Region øst</i>
Spørsmål og svar

Gustav Nielsen er en nestor i utvikling av kollektivtrafikken i Norge. Tidligere forskningsleder ved Transportøkonomisk institutt, og mye brukt rådgiver både av statlige organer og kollektivselskaper i hele landet. Spesielt fokus på hvordan man kan få til et godt tilbud i distriktene. Inngående kjennskap til konkrete løsninger over hele Europa. Forfatter av «kollektivbibelen» - HighTrans Best practice guide 2 Planning the networks.

Tom-Alex Hagen kommer fra By- og kollektivplanlegging i vegvesenet Region øst. Tidligere prosjektleder for samferdselsdepartementets arbeid med nasjonal kollektivstrategi. Inngående kunnskap om fremkommelighetsarbeidet i Oslo og Akershus fra første Oslopakke og til i dag.